

GULEN KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I GULEN KOMMUNE

Møtestad:	Rådsalen	Møtedato:	30.05.2012	Frå kl. :	10:00
				Til kl. :	13:10

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Forfall:	Merknader :
1. Finn Johansen (leiar).	X		
2. Erna Kjelby	X		
3. Jarle Nordgulen.	X		
Varamedlemer :	Møtte:		
1. Gjert Knarvik.			
2. John Vatnøy.			
3. Bjørn K. Hjartholm.			
4. Åse L. Vatne.			
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:			

Andre som møtte :

SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.
 KRYSS-revisjon Aud Marit Eide og Charles Litsheim.
 Leiar for skatt og rekneskap Hall Midttun

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :

Sak 007/12 Godkjenning innkalling og sakliste.
 Sak 008/12 Skriv og meldingar.
 Sak 009/12 Forvaltningsreviksjonsrapport "Kontroll av inntektsida".
 Sak 010/12 Årsrekneskapen 2011 Gulen.
 Sak 011/12 Jorunalføring - Vurdering av evt handsaming i kontrollutvalet.
 Sak 012/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.
 Sak 013/12 Oppfølgingsliste 2-2012 - Gulen.
 Sak 014/12 Eventuelt.
 Sak 015/12 Orientering investeringsprosjekt.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste

UNDERSKRIFTER :


 Finn Johansen


 Erna Kjelby


 Jarle Nordgulen


 Asgeir Tveit, sekretær

007/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 22.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.05.2012	007/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

008/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.05.2012	008/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 003-12: Vedtak kst sak 08/12 godkjenning av årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.
- SM 004/12: Vedtak kst sak 010/12 Forvaltningsrevisjon: NGIR selskapskontroll – Sjølvkost.
- SM 005/12: Brev frå Kryss revisjon til Gulen kommune – Engasjementsbev, datert 09.02.12.
- SM 006/12: Brev frå Gulen kommune til Kryss revisjon om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, datert 26.01.12.
- SM 007/12: Brev frå Kryss revisjon til Gulen kommune; tinging frå kontrollutvalet i Gulen – overordna analyse, datert 07.02.12.
- SM 008/12: Årsrapport for 2011 – Skatteoppkrevjaren i Gulen kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

09/12: FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - KONTROLL AV INNTEKTSSIDA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.05.2012	09/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Rapport forvaltningsrevisjonsprosjekt «Kontroll av inntektssida», datert 24.02.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Plan for forvaltningsrevisjon for Gulen kommune 2008 – 2011.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001
- Kontrollutvalssakene 16/08 og 03/10, 11/10 og 18/10

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport – Kontroll av inntektssida, datert 24.02.2012.
- Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp tilrådingane i rapporten.
- Kommunestyret ber kontrollutvalet følgje opp merknadene kommunestyret har til rapporten.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret

- Kommunestyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport – Kontroll av inntektssida, datert 24.02.2012.
- Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp tilrådingane i rapporten.
- Kommunestyret påpeikar særskilt at økonomireglementet bør reviderast.
- Kommunestyret ber kontrollutvalet følgje opp merknadene kommunestyret har til rapporten.

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - KONTROLL AV INNTEKTSSIDA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon av forvaltningsrevisjonsrapporten «Kontroll av inntektssida», datert 24.02.12.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

"Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon)."

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

"Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.

§ 11. Rapportar om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjonar som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapportar om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte."

Kontrollutvalet fekk presentert overordna analyse av KRYSS-revisjon i møte 10.10 2008 i sak 015/08 Overordna analyse plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet gjorde tilråding til kommunestyret om Plan for forvaltningsrevisjon 10.11.08 i sak 016/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 – 2011 - Gulen kommune. 11.12.2008 gjorde kommunestyret i Gulen i sak 066/08 Plan for forvaltningsrevisjon 2008 - 2011 vedtak i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. I planen var prosjektet "Økonomistyring med hovudvekt på inntektssida" valt som første prioritet.

I kontrollutvalsmøte 29.01.10 i sak 003/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – vart forvaltningsrevisjonsprosjektet "Økonomistyring med hovudvekt på inntektssida" valt. I kontrollutvalsmøte 25.03.2010 sak 11/10 vart tinginga for forvaltningsrevisjonsprosjektet vedteka, og tinging vart sendt KRYSS revisjon same dag.

Prosjektet hadde følgjande problemstillingar:

- 1. Kontroller at innkrevjing for brukarbetaling innan tenesta Pleie og omsorg er i samsvar med vedtekne rutinar/økonomireglement for Gulen kommune.*
- 2. Kontroller at krav om refusjonar frå NAV er i samsvar med Folketrygdlova og rutinar/økonomireglement for Gulen kommune.*

24.02.2012 har KRYSS-revisjon levert rapport for prosjektet.

KRYSS revisjon har delt problemstilling 1 inn i følgjande tre element:

- *Avstemming mellom fagsystema jf punkt 7.1.4 og 7.1.5*
- *Purrerutinar og restanselister jr 7.1.6 og 7.1.7.*
- *Restansane.*

Problemstilling 2 er ikkje gjeven underpunkt.

KRYSS-revisjon har gjeve følgjande konklusjonar og tilrådingar til problemstillingane i prosjektet:

Problemstilling 1 – Pkt: Avstemming mellom fagsystema jf 7.1.4 og 7.1.5.

Konklusjon (a):

Etter vår oppfatning etterlever kommunen reglane i kommunehelsetenestelova og forvaltningslova i sakshandsaminga av søknader om tenester etter kommunehelsetenestelova.

Tilråding:

Inga tilråding

Konklusjon (b):

Det vert ikkje gjort avstemming mellom fagsystema CosDoc og KomFakt. Det er ikkje etablert rutinar som krev at slike avstemmingar skal gjerast. Våre egne kontrollar på månadane mars og september har ikkje avdekkja vesentlege avvik mellom systema.

Tilråding:

Slik vi ser det bør det vurderast å innføre rutinar som sikrar at avstemmingar mellom fagsystema vert gjennomført.

Problemstilling 1 – Pkt: Purrerutinar og restanselister jf 7.1.6 og 7.1.7.

Konklusjon:

Økonomireglementet heimlar ikkje praksis med å sende ut to purringar. Det er ikkje i samsvar med økonomireglement å sende 1. gongs purring etter 10 dagar. Økonomireglement seier at purring skal sendast 14 dagar etter forfall. Det er ikkje i samsvar med økonomireglement å tilstå debitor 17 dagar frist før tvangsinndriving vert iverksett.

Tilråding:

Det bør snarast avklarast om økonomireglementet punkt 4.2.1 skal etterlevast slik det står, eller om verkeleg praksis skal vere retningsgjevande for ei endring av økonomireglementet punkt 4.2.1

Problemstilling 1 – Pkt: Restanse

Konklusjon:

Restansane på PLO er ikkje vesentlege. Det er ikkje fastsett måltal i høve restansar til omgrepet god og effektiv innfordring. Arbeidet med innfordring av uteståande frå PLO har ikkje vore godt nok prioritert.

Tilråding:

Det bør vurderast om ein skal talfeste i høvande styringsdokument kva god og effektiv innfordring er.

Problemstilling 2

Konklusjon:

Detaljkontrollen på to klientmapper syner at Gulen kommune har gode rutinar for å sikre at reglane i forskrift om vederlag for opphald i institusjon vert etterlevd. Gulen kommune ivaretek rettstryggleiksreglane, herunder sakshandsamingsreglane, teieplikreglane, klagerettsreglane og innsynsreglane i forvaltningslova i høve dei to kontrollerte klientmappene.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 8 skal administrasjonssjefen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøva som er omtala i rapporten. Administrasjonssjefen har sendt tilbakemelding på rapporten til KRYSS-revisjon 22.02.2012. Merknadane til rådmannen ligg ved rapporten.

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten, jfr, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §11.

Revisor og rådmann vert kalla inn til møtet. Det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på evt. spørsmål.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. "

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. "Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet. "

Sekretariatet vurderer det slik at revisor har svart på alle dei fire problemstillingane i tingingsdokumentet.

Kontrollutvalet skal rapportere om sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast på ulike måtar. I og med at revisor har konkrete tilrådingar om tiltak i rapporten, tilrår vi at rapporten vert lagt fram til handsaming i kommunestyret.

010/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - GULEN KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.05.2012	010/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Gulen kommune
- Årsmelding (Sendt frå adm)
- Rekneskap 2011. (Sendt frå adm.)
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 14.05.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Gulen kommune, datert 30.05.2012.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN KOMMUNESTYRET:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Gulen kommune, datert 30.05.2012.

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2011 - GULEN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Gulen kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Gulen

Eivindvik 30.05.2012

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR GULEN KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Gulen kommune er handsama i kontrollutvalet i Gulen 30.05.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2010 for Gulen kommune.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 16.05.2011.

Årsrekneskapen er levert av rådmann og rekneskapsansvarleg. Årsrekneskapen viser eit brutto driftsresultat på kr. 23,204 mill., og etter at det er teke omsyn til eksterne finanstransaksjonar, eit netto driftsresultat på kr. 25,987 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 14,115 mill.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat for Gulen kommune utgjør 11,8 av driftsinntektene. Gulen kommune har såleis greidd dette tilrådde målet.

Det er kommunestyret sitt ansvar å disponere mindreforbruket i samsvar med regelverket.

Driftsbudsjett på inntektssida var kr. 212,002 mill. Rekneskapen viser inntekter på kr. 220,942 mill.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 203,633 mill. Rekneskapen viser kr. 197,737 mill.

Brutto driftsresultatet er kr. 14,835 mill. betre enn budsjettet.

Gulen kommune har hatt finansinntekter på kr. 4,560 mill og finanskostnader er på kr. 5,931 mill. Resultatet på eksterne finanstransaksjonar er kr. 1,068 mill. betre enn budsjettet.

Kontrollutvalet merkar seg at det i drifta er mindreforbruk på einingane.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet viser til presiseringar i revisjonsmeldinga der det bl.a. går fram at det ikkje er blitt lagt fram prosjektrekneskap til revisjon og vidare politisk handsaming. Kontrollutvalet har hatt oppe sak om dette både i 2010 og 2011 og vil følgje opp saka i 2012.

I revisjonsmeldinga går det også fram at det bør ryddast i balansen.


I 2011 er gjeldsgrada redusert frå 82,1 % til 78,5 %.


Arbeidskapitalen er positiv og likviditetssituasjonen synest å vere tilfredsstillande.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har tre presiseringar.

Med presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Gulen kommune kan godkjennast slik han ligg føre.


Finn Johansen
-leiar-


Erna Kjelby


Jarle Nordgulen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

011/12 JOURNALFØRING - VURDERING HANDSAMING KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat

Dato: 22.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	30.05.2012	011/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Brev med vedlegg frå advokatfirmaet Harris til kontrollutvalet om byggesak – molo Oppedal – Gulen kommune, datert 18.04.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet avstår å sjå nærare på saka.

Saksutgreiing

JOURNALFØRING - VURDERING HANDSAMING KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Vurdering om ein skal sjå nærare på kommunen si handtering av brev frå Fylkesmannen til Gulen kommune om «Fråsegn til søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen og pbl. § 1-8 for bygging av molo og båthamn med parkering på gbnr. 118/10, Ytre Oppedal i Gulen kommune», datert 07.03.2012

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har den 18.04.2012 motteke brev frå Advokatfirmaet Harris som har skrive på vegne av Torbjørn Sognes.

7.3.2012 har Fylkesmannen skrive brev til Gulen kommune med overskrift «Fråsegn til søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen og pbl. § 1-8 for bygging av molo og båthamn med parkering på gbnr. 118/10, Ytre Oppedal i Gulen kommune».

Advokatfirmaet Harris skriv at «Poenget for denne henvendelse er at en ikke har funnet fylkesmannens brev på kommunen postlister og at Sognes rent tilfelde ble kjent med brevet via fylkesmannens postliste. Så hvor er brevet fra fylkesmannen blit av? Er brevet tatt ut av postlistene i kommunen?»

Det vert vist til brevet med vedlegg for detaljert innhald.

Poenget med førespurnaden til kontrollutvalet er altså å få undersøkt tilhøva kring journalføring og arkivering av det nemnde brevet frå Fylkesmannen til Gulen kommune datert 7.3.2012.

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i §§ 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Når det gjeld førespurnader frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, så må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer inn under utvalet sitt kompetanseområde, og om det vil prioritere saka.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet skal ikkje fungere som eit klageutval, men heller sjå på saker på eit generelt grunnlag. I og med at førespurnaden ikkje kjem frå kommunestyret eller det går klart fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar at det ligg til kontrollutvalet å handtere saka, kan kontrollutvalet velje om dei vil prioritere å sjå på saka.

Vår konklusjon er at kontrollutvalet bør vurdere følgjande alternativ:

1. Avstå å sjå nærare på saka.
2. Be administrasjonen om ei forklaring på handteringa av brevet.

Eit 3. alternativ kan vere å sjå på Gulen kommune sine rutinar for arkivering og journalføring på eit generelt grunnlag.

012/12 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.5.2012	12/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 07.02.12

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gulen kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07.02.2012 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gulen kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07.02.2012 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Saksutgreiing

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Gulen kommune, har i brev datert 07.02.12 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i egenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Gulen kommune.

013/12 OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 GULEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	30.05.2012	013/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2012 Gulen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslist 2-2012 Gulen vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet set opp eiga sak om å kalle inn rådmannen for å orientere om status i arbeidet med å effektuere kommunestyret sitt vedtak i sak 13/10 Prosjektrekneskapar – politisk handsaming av 29.04.2010.
- Oppfølgingslist 2-2012 Gulen vert elles teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 GULEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 22. mai 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2012 - Gulen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gulen kommune
Saker som er avslutta vil ikkje komme med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
02/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	10.03.09		10.03.09 Vedtak KU. - Orientering frå adm. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Tertialrapportar - Informasjon frå revisor - Kvalitetsrapportar etter tilsyn med revisor. - Status effektuerte kommunestyrevedtak.
004/10 Prosjektrekneskapa – politisk handsaming	28.01.10		10.09.09 Vedtak KU be om at prosjektrekneskapar vert lagt fram for revisjon og politisk handsaming. 11.09.09 Førespurnad til revisor om retningsliner. 01.10.09 Munnleg svar frå KRYSS- finn ikkje at det eksisterer noko skriftleg. 30.09.09 Førespurnad Gulen kommune pr. e-post 2.10.10 Motteke. 29.01.10 Vedtak KU – ber om at prosjekt for 2007,08 og 09 vert lagde fram. Tilråding til kst. – endre økonomireglementet. 29.04.10 Vedtak kst sak 13/10 i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. Avventar levering av prosjektrekneskap Sjå sak 033/10 og 07/11 og 032/11.
011/10 Forvaltnings- revisjonsprosjekt. Kontroll av økonomistyringa – inntektssida	25.03.10	Frist levering 31.03.2011.	16.03.10 Utkast til KRYSS 16.03.10 Svar frå KRYSS 25.03.10 Vedtak KU – godkjent 25.03.10 S KRYSS 14.04.10 Motteke førebels revisjonsplan. 26.05.10 Vedtak KU – Førebels prosjektplan teke til vitande. 27.01.11 Vedtak KU - Kontrollutvalet ber om statusrapport frå KRYSS-revisjon på forvaltningsrevisjonsprosjekt ” Kontroll av økonomistyringa – inntektssida” tinga av kontrollutvalet i Gulen den 25.03.2010. 14.03.11 Bede KRYSS om status. 23.09.11 Bede KRYSS om status. 23.09.11 Status frå KRYSS.motteke. 24.02.12 Rapport motteken.
027/11 Rapport selskapskontroll NGIR IKS	04.10.11		04.10.11: Tilråding til kommunestyret. 06.10.11 saka s kst. 17.02.12 Vedtak kst sak 010/12.
031/11 Overordna analyse	24.11.11		24.11.11 Vedtak KU – Tinge OA frå KRYSS
032/11 Status økonomireglement og framlegging av prosjektrekneskapr	24.11.11		24.11.11Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek til vitande status om at administrasjonen har som siktemål å få økonomireglement og prosjektrekneskapar til politisk handsaming i løpet av 1. halvår 2012, slik at dei er klare når årsrekneskaper skal godkjennast. - Kontrollutvalet følgjer opp saka.

			- Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til orientering. 24.11.11 s brev til Gulen kommune.
034/11 Eventuelt	24.11.11		24.11.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet ber om at sekretariatet tek kontakt med administrasjonen i Gulen kommune med tanke på å få lagt inn informasjon om kontrollutvalet på heimesida til Gulen kommune.
001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	27.01.12		27.01.12 Vedtak KU: Det er ikkje merknader til innkalling og sakliste.
002/12 Skriv og meldingar.	27.01.12		27.01.12 Vedtak KU: Skriv og meldingar vert teke til vitande.
003/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Gulen.	27.01.12		27.01.12 Vedtak KU: Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Gulen kommune vert godkjent. 30.01.12 Sendt til ks. 17.02.12 Vedtak kst sak 08/12.
004/12 Møteplan for kontrollutvalet i Gulen.	27.01.12		27.01.12 Vedtak KU: Møteplan for kontrollutvalet i Gulen vert Godkjent.
005/12 Oppfølgingsliste 1-2012 – Gulen.	27.01.12		27.01.12 Vedtak KU: Teken til vitande.
006/12 Eventuelt.	27.01.12		27.01.12 Vedtak KU: Kontrollutvalet ber sekretariatet ta kontakt med Gulen kommune for å få lagt fram rapporten frå selskapskontroll NGIR IKS for kommunestyret. 30.01.12 E-post til administrasjonen med purring. 27.01.12 Vedtak KU: Kontrollutvalet ber administrasjonen legge fram liste «Status effektuerte kommunestyrevedtak» til neste kontrollutvalsmøte. 30.01.12 E-post til administrasjonen der vi ber om å få denne tilsendt innan neste møte. Ikkje fått svar
007/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	30.05.12		
008/12 Skriv og meldingar	30.05.12		
009/12 Forvaltningsrevisjonsrapport «Kontroll av inntektssida»	30.05.12		
010/12 Årsrekneskapan 2011 – Gulen kommune	30.05.12		
011/12 Journalføring – Vurdering handsaming kontrollutvalet	30.05.12		
012/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit	30.05.12		
013/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Gulen	30.05.12		
014/12 Eventuelt	30.05.12		
	30.05.12		
	30.05.12		

Oppdatert 22.05.2012

014/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.05.2012	014/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet merkar seg at administrasjonssjefen ikkje har meldt forfall til kontrollutvalsmøtet 30.05.2012, som han var kalla inn til, og at leiar for skatt og rekneskap møtte i hans stad på kort varsel. Kontrollutvalet ber om at administrasjonssjefen møter i møte han er kalla inn til eller at den som skal møte i hans stad vert informert om møtet i god tid.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

015/12 ORIENTERING – INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 30.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.05.2012	15/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vart teken opp i møtet.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å orientere om status i arbeidet med å effekteuere kommunestyret sitt vedtak i sak 13/10 Prosjektrekneskapar – politisk handsaming av 29.04.2010.